



Charles Breakspeare på Systrene Nilsen i fjor (Foto:Ola Matti Mathisen)

Dei kommande tre helgene vert det levande musikk på Systrene Nilsen og det gjeld både torsdag, fredag og laurdag, opplyser dagleg leiar Karoline Neset til uskedalen.no

Kommande helg er det trubaduren Bjørn Vidar frå Sørlandet som kjem og helga etter briten Charles Breakspeare som var her to gonger sist sesong.

Den som rundar av 26., 27. og 28. juli er Michael Graham frå Tenerife.

Breakspeare vart populær i fjor. Han er frå London, men har no budd her i landet i mange år, no på Jessheim. Charles fungerer som eit heilt band åleine. Han spelar gitar og syng men har og komp.

Musikalsk er han svært allsidig men har ikkje overraskande ein spesiell kjærleik til det irske.

Charles har spela ved mange store høve også her i landet, til dømes for Statoil og Hydro.

Bjørn Vidar (38) er kristiansandar og har fungert som trubadur frå Arendal til Alta. Men sang til gitarakkompagnement er ein hobby og han har vore innoom mange slags jobbar. Neste år vert han trafikk lærar. På repertoaret har han mest norske låtar og då ikkje minst gamle slagarar. Han trivs også godt som leiar av allsang, det vil nok uskedalingane få merka.

- Eg har ein god kompis på Husnes som har ordna denne

jobben for meg, fortel Bjørn Vidar, som gler seg til debuten på våre kantar.

Av Ola Matti Mathisen